

**DET
VESTNORSKE
TEATERET**

Årsmelding med årsrekneskap

Det Vestnorske Teateret 2020



Teatersjefens rapport for 2020

Ved dette vegskiljet kjennes oppsummeringsøvinga i ei årsmelding meiningsfull og meiningslaus på same tid. Planar vart skipla om, retning og orientering utfordra og motivasjonen vår prøvd til ytste grensa i 2020. Dette året var året der vi spurde oss sjølve; Kven er vi? Kva er eit teater? Omstenda set lys på andre parameter enn korvidt vi greidde å levere på dei einskilde måla vi formidla til våre tilskotsytatarar for dette året. Verda er annleis no. Min refleksjon handlar såleis om korleis vi fota oss gjennom heilt nytt terren og korleis vi kjenner oss sjølve og vår plass i samfunnet etter denne ferda. Når eg skriv denne årsmeldinga er eg medvitn om at unntakssituasjonen vil prege også dei neste sesongane. No kjem prøvinga vidare i ein ny fase; kva har vi erfart? Og korleis tek vi det med vidare for å utvikle vår kontakt med publikum? Det er i lys av det eg oppsummerer året.

Nye stemmer og urpremierar

Vårt arbeide med å løfte fram stemmer frå regionen heldt fram med uforminska styrke i 2020. Vestlandskrønika «Heim 3» tok publikum med storm i kapittelet 1985 – 1995 og bak den stod igjen eit variert og sterkt forfattarkorps med sine perspektiv på regionen og verda, i den nemde tidslomma. Særleg stimulerande var det no for alvor å gå i dialog med vårt sjølvbilete i møte med ein stadig meir mangfaldig og multikulturell offentlegheit i regionen. Aksa mellom heime og ute stod skarpt i denne framsyninga som diverre vart avlyst frå 12. mars og etterlet tusenvis av publikummarar med unytta billettar.

Den utviklinga vi dyrkar i lys av korleis vi knyt skrivande krefter til huset gjennom HEIM-krønika, vart følgt opp av fullskala urpremierar på stykke av både Finn Tokvam og Frode Grytten. «Vestland Vestland» vart produsert i samarbeid med Teater Vestland og turnerte heile regionen for å lande til speleperiode i Logen. Framsyninga vart produsert i høve fylkessamanslåinga og er eit særskilt godt døme på vårt ønske om å være forankra i regionen og den vestnorske identiteten. Frode Grytten skodespelardebut med eigen tekst i «Djevelen og eg» rekrutterte nye publikummarar til huset og var ein kunstnarleg siger for oss i ein periode med usikre scenario.

Ein rik og modig haustsesong

Ikkje mindre ambisiøs var vår storsatsing for born og unge mellom 10 og 14 år denne hausten. Miriam Prestøy Lie si dramatisering av «Tordivelen flyg i skumringa» trefte målgruppa rett i mellomgolv. Både DKS framsyningar so vel som dei opne, vart prega av eit særleg sanseleg gehør i rommet. Forteljinga frå åttitalet om korleis «alt levande høyrer saman» har mykje å melde til den oppveksande generasjonen og historia vart formidla med tru på deira forståingsevne og handlekraft. Såleis vart haustsesongen vår prega av kunstnarleg mot og framsyningars som gjorde seg bemerka. At dei vart bremsa i sitt publikumsmøte av strenge restriksjonar gjer ikkje teateret si stoltheit mindre. Særleg stimulerande var det å jobbe med rike ressursar for ei målgruppe som ofte er nedprioriterte.

På Det Vestnorske Teateret ser vi det som ein stor arbeidssiger at vi gjennomførte nær alle planar for haustsesongen under strengt smittevern og med stor usikkerheit rundt oss. Diverre måtte vi utsetje urpremieren på «Løgn varar lengst», men vi har den til gode. Då Bergen stengte ned sende vi «Gubben og katten» på turné i omlandet. Vi fann i det heile tatt gode løysingar for å kunne gjennomføre etter kvart som utfordringane trefte oss. Med tre urpremierar i storformat, ei juleframsyning for dei minste, samt to samarbeidsproduksjonar for born på barscena vår greidde vi likevel å levere eit tilbod som famna særleg breitt denne haustsesongen. Vi heldt kveiken ved like i huset og på vegen.

Ein vår med tapte sjansar og nye mogelegheiter

Då korona-nedstenginga ramma, var vi godt i gong med flaggskipet vårt HEIM. Det er mykje i kraft av denne serien at teateret gjennom dei siste åra har bygd eit kjernepublikum for nynorskscena i Bergen. Vi la difor planar om å avvikle resterande framsyningar lenger ut i året. Trass iherdige forsøk, greidde vi ikkje invitere publikum inn att i løpet av 2020 . Ensemblet stod i aktiv bero utan at det var mogeleg å opne dørene for publikum. Særleg krevjande vart det etter kvart å skulle forvalte ansvaret for smittevern under eit regelsett vi ikkje såg rasjonale i. Skilje mellom faste plassar og fastmonterte stolar fekk dramatiske konsekvensar for DVT og mange andre aktørar. Det har teke mykje fokus og arbeidskapasitet og på urimeleg grunnlag sett oss i ein særleg vanskeleg situasjon samanlikna med andre kompatible aktørar. At vi spelte for ti og tjue menneske har likevel– som mange andre publikumsmøte i fjoråret – lært oss å setje pris på det levande møte sin umistelege verdi.

På vårparten var vi heldige nok til å nå ut til mange småskuleungar med «Alt er lov» før nedstenginga. Turnéen, som vi gjorde i samarbeid med Den kulturelle skulesekken, vart nesten ferdigspelt og vi er takksame for at denne forteljinga om identitet og roller i leik og vennskap fekk reise rundt i regionen.

Heilt annleis vart det for dei planlagde turneane «Oppdrag Mottro» og «Morgen og kveld». Vi såg oss nøydd til å skrinlegge, men med det kom også eit sterkt medvit om at teateret no har utvikla framsyningar som det framleis er stor etterspurnad etter. Våre mål om eit meir dynamisk repertoar og ei betre utnytting av produksjonane våre på fleire arenaer står fast, om enn vi vart stoppa i denne omgang.

Alternativ aktivitet

«Morgen og kveld» fant nye vegar i eit digitalt Festspillsamarbeid og med det vann vi også fleire erfaringar på huset. Produksjonen vart filmatisert og nådde eit stort publikum.

Gjennom heile våren oppretthaldt vi kontakten med publikum gjennom prosjektet «Saman kvar for oss». Dei kunstnarane vi hadde engasjert på huset produserte musikk, skreiv og framførte tekstar eller delte refleksjonar om tida gjennom denne digitale flaten. Likeleis samarbeida vi med Bodil Lunde Rørtveit om ei rekke digitale konsertar. Vi avvikla også noko av programmet vårt på Nynorskens hus med direktestrøyming.

Dette var lyspunkt i ei tid då teaterhuset var tomt for publikum. Det gav meinings å ytre noko, bidra til eit offentleg samvær medan vi skipa om på planer og såg oss nøydd til å pakke ned «Svar på brev frå Helga» og utsetje vår samarbeidsproduksjon med Statsteatret «Atter ein konge». Sjølv om vi held fram med å arbeide, var tapet av publikumskontakt eit slag for oss, som for mange andre.

Tapet av sikre økonomiske horisontar sette også framtidssplanar og samhandlinga med eksterne krefter under press. Samstundes har vi kjent oss mobiliserte i vårt samfunnsansvar og vår omstillingsevne. Staben på teateret har vore prega av samhald og lojalitet overfor vår rolle og vår felles kjærleik til arbeidet. I krisetider merkar ein godt kven ein har med seg i krigen. Og eg tør hevde at vi kjenner kvarandre betre no – og vi er glade for å stå skulder ved skulder på Det Vestnorske Teateret. Vi veit meir om kven vi er.

Trass alt

Og midt i stilla meldte det seg ei trond til å sette kunstnarar i arbeid for å angripe og begripe denne tida. To forfattarar vart sett til å brevveksle gjennom lockdown perioden. Marit Eikemo og Kristina Leganger Iversen sine «Karantenebrev» er no snart klare til å møte eit publikum. Ein instruktør og dramatikar byrja arbeidet på ein dramatisk tekst basert på brytningane som no skulle utspele seg gjennom året. Like viktig som vi opplevde å vere tilstades i det offentlege, var impulsen til å igangsette kunstnarleg arbeid som reflekterte her og no. Også arbeidsprosessar som tek tid fekk ei akutt nødvendigheit over seg. Det var krevjande å sette nye ting i bestilling i ei så usikker tid, men

det opplevdes også som ei plikt å gjere det. I denne handlinga ligg mykje av svaret på mitt spørsmål; kva er eit teater?

Trass i mange harde lærdommar, opplevde vi også sterkt anerkjenning i året som gjekk. Heddaprisen tildelede rekordstor heider til vårt vesle teater og særleg stort var det å oppleve at vårt samarbeid med Transitteateret Bergen har vunne så stor merksemd. Heldige var vi som fekk huse og støtte «Tilstandar av unntak». Denne hendinga i vårt teaterrom sette spor ikkje berre hos tilskodarane, men også hos oss som legg vårt arbeid ned i å bygge DVT. Og vi hadde mange av desse stundene i 2020. Stunder vi sette pris på. Med omsyn til publikumsmøta som bygger teateret må vi erkjenne at vi har fått ein knekk. Vi er framleis så sårbare og nyutklekka at eg ikkje tør spå kva det vil seie for framtida. Vi tek ikkje noko for gitt. Men vi står styrka i medvitet om at vi kan og vil kjempe for å virke i samfunnet. Og vi står styrka i kraft av dialogen med publikummet vi ikkje fekk treffe. Den varme forventninga dei igjennom det heile har formidla, har gjort at vi aldri har bremsa opp i våre ambisjonar. No ser vi fram til igjen å kunne treffe dei med gode teateropplevelingar. For kven er vi og kva er eit teater? For oss på Det Vestnorske veit vi at vi er der sjølv i mørkret, vi veit at vi tør insistere på det umistelege i publikumsmøtet, og vi kjenner oss sikrare enn nokonsinne på at vi trengs. Ein sivilisasjon utan meinings- og kjensleutvekslinga, utan fellesskapet er ikkje ein sivilisasjon.



Teatersjef Solrun Toft Iversen. Foto: Privat

Styret si årsmelding for 2020

Eit utfordrande år

I 2020 skulle Det Vestnorske Teateret fortsette å levere i høve til våre visjonar og vedtatt strategi som oppsummert er,

- Vi skal produsere ein nynorsk urpremiere kvart år
- Publikum skal oppleve at vi har eit tilbod gjennom heile året
- Co-produksjonar med andre teaterinstitusjonar er viktige for å kunne ha eit kontinuerleg tilbod
- På same måte må ein satse på samarbeid med dei andre nynorskteatera i Norge for ei effektiv ressursutnytting.
- Vårt bygg skal utviklast til eit fullverdig teaterhus
- Ein må betre økonomien for teateret for å kunne nå ambisjonane

Ambisjonane for året var store. I eigen teatersal skulle vi spele 10 ulike førestillingar, kor heile 5 var urpremiererar. Det var planlagt eit totalt billett-utbod på eigen scene og turné/samproduksjon på 50 000. Budsjettet var lagt opp med same mål på selde billettar - om lag 40.000, som året før.

I samarbeid med Transiteatret-Bergen vart førestilling 03:08:38 Tilstander av unntak av Tore Vagn Lid sett opp i teatersalen med 4 utselde hus. I midten av februar hadde teateret premiere på del 3 av vestlandskrønika Heim, som skulle spele fram til påske. Utviklinga fram til 12. mars var heilt i tråd med, og litt føre våre eigne prognosar. Til liks med andre teater vart vi stengd ned som følgje av Covid-19 pandemien, og Svar på brev frå Helga av Bergsveinn Birgisson, Statsteateret si førestilling Atter ein Konge og turné med Oppdrag Mottro av og med Linda Eide, måtte gå ut. I samband med Festspillene i Bergen laga teateret ein egen filmversjon av Morgan og kveld av Jon Fosse som vart strøyma på nettsidene til Festspillene, BT og vår eiga nettside. Det vart og laga eigne digitale drypp – Saman kvar for oss, på nettsida vår og i sosiale media.

Teateret satsa på ei forsiktig opning av mindre arrangement frå og med mai då dette vart mogleg. Samtlege av desse arrangementa i Logen Bar vart utselde. Teateret tok og ei avgjerd på at vi skulle gjennomføre heile programmeringa for hausten 2020, trass i at det var usikkert kor stort publikum vi kunne ha i teatersalen med gjeldande smittevernreglar. Uroppføringa av Djedelen og eg av Frode Grytten med band vart ein suksess. Det same vart oppsettinga av høyrespelklassikaren Tordivelen flyg i skumringa av Maria Gripe. I samarbeid med Teater Vestland hadde vi samstundes premiere på Vestland, Vestland av Finn Tokvam. Alle tre førestillingane hadde godt sal den tida dei vart spelt. I september vart Bergen delvis nedstengt og teateret måtte redusere talet på publikummarar frå om lag 130 til 50 i ein periode. Frå 7. november var reglane slik at dei fleste teatera, inklusive Det Vestnorske, vart stengt. Sidan reglane vart annleis utanfor Bergen, endra vi spelestad for barneførestillinga Gubben og Katten får julebesøk av Sven Nordqvist. Denne vart turnert til ulike delar av gamle Hordaland fylke.

Heim del 3 var på langt nær ferdigspelt i mars. Teateret hadde engasjert ensemblet for gjenoptaking i desember, men grunna dei strikte restriksjonane vart dette utsett til 2021.

Sjølv om 2020 vart utfordrande, var det samstundes eit år der teateret hausta stor heider kunstnarleg. Førestillinga Raskolnikov som vart produsert i samarbeid med Det Norske Teatret i 2019 og 03:08:38 Tilstander av unntak som vart produsert saman med Vega Scene og Transitteatre-Bergen vart nominert til heile 8 Heddapriscar.

Under den digitale utdelinga i september vart det klart at det gjekk heile 5 priser til teateret,

- Prisen for «Årets førestilling» gjekk til Raskolnikov
- Prisen for «Årets mannlege hovudrolle» gjekk til Preben Hodneland i Raskolnikov
- Prisen for «Beste mannlege birolle» gjekk til Frode Winter i Raskolnikov
- Prisen for «Beste audiovisuelle design» gjekk til Transiteatret-Bergen for sin 03:08:38: Tilstandar av unntak
- Prisen for «Særleg kunstnarleg innsats» gjekk til kunstnarleg leiar Tore Vagn Lid i Transiteatret-Bergen.

Publikum sluttar opp om teateret

Teateret har hatt ein klår ambisjon om å nå ut til eit større publikum. Det er flott å merke seg at kvar gong vi har lagt ut billettar, sjølv etter 12. mars, har det vore eit svært godt førehandssal. Det er og ei glede å merke at svært mange konverterar billettar til gåvekort når førestillingar vert avlyst. Fleire av våre publikummarar har vore flytta på både to og tre gonger, men held fast i at dei gjerne mottek gåvekort. Som ein kan forstå, vart ikkje 2020 det året der vi hadde auke i publikum som fekk oppleve framsyningane våre.

I 2020 har vi fått gjennomført tre eigne turnéar; Babettes gjestebod, Gubben og Katten får julebesøk og Alt er lov. Som samproduksjon har Vestland, Vestland turnert Vestland fylke, og Løgn varer lengst har vore spelt på Teaterfestivalen i Fjaler og på Bergen Dramatikkfestival. Totalt har 1 190 (11 215 i 2019) publikummar opplevd våre eigne produksjonar på turné. I tillegg har 5 456 (7 297) sett våre to samproduksjonar på andre scener. Talet på eigen scene er 11 772 (24 855). Med dette vert det totale publikumstalet som har sett våre eigne og samproduksjonar i 2020 18 418 (43 367). Beleggprosenten har variert mellom 63 og 100% der ein stort sett har hatt fulle hus på dei fleste framsyningar med gjeldande restriksjonar.

Det Vestnorske Teateret vil vere eit hus for den vestnorske kulturen. Bergen kommune har for året 2020 løyvd 1 017 000 til teateret slik at vi framleis kan programmere og innby til eit variert kulturprogram på nynorsk. I 2020 har vi hatt 26 (43) arrangement med til saman 576 publikummar.

Når vi reknar inn kulturprogrammet, gjestespel og program knytt til formidlingsaktivitet i samband med produksjonane, vert det totale publikumstalet 18 778 (43 866).

Byggeprosjektet

Selskapet har teatersal og kontor i Bergen sentrum. I mars 2020 vart det inngått kontrakt om totalentreprise for nybygg til teateret. Totalt skal det investerast 70 mill. kroner inkl. mva i garderobebygg, nye verkstader og ny prøvesal/sal 2 for publikum. Den gamle teatersalen vil få ny infrastruktur og oppgradering av teknisk utstyr innan lys, lyd og AV. Dei gamle bygga i bakgarden vart rive i løpet av våren, og nytt garderobebygg stod klart til bruk 1. september. Dette har blitt ei stor forbetring av arbeidsmiljøet og fasilitetane for våre skodespelarar.

Detaljprosjekteringen av nybygg 2 har gått føre seg parallelt, og bygget vil bli reist i løpet av våren/sommaren 2021. Prosjektet har i løpet av 2020 ikkje vore råka av forseinkinger som følgje av koronarestriksjonar.

Endeleg innflytting i verkstad og prøvesal er framleis sett til våren 2023.

Organisasjon og medarbeidarar

Teateret har hatt ein del mindre endringar i organisasjonen i løpet av 2020. Ein har førebels valt å ikkje erstatte desse funksjonane, men i staden nyttar ledige lønnsmidlar til produksjons- og tekniske medarbeidarar. Stig Amdam har og i 2020 vore engasjert i oppgåver som dramatikar, regissør og skodespelar.

Koronatiltaka og heilt nedstenging i periodar har vore ein krevjande prosess for tilsette og leiinga. Heilt eller delvis bortfall av oppgåver våren 2020 førte med seg at teateret valde ei løysing med heilt eller delvis permittering og friviljug nedgang i løn. Teateret valde og å forskottere løn utover arbeidsgjevarperioden slik at dei permitterte ikkje skulle bli råka av forseinkinger i utbetaling den første perioden. Innspeling av Morgan og kveld digitalt, og satsing på full produksjon til hausten, førte med seg at dei fleste av teknisk personale var attende på jobb på full eller prosentvis jobb i løpet av mai månad. Per august var alle tilsette tilbake.

Teateret har hatt omfattande smittevernsrutinar både for publikum og tilsette. Bedriftshelsetenesta har vore trekt inn i arbeidet, både i form av testing av skodespelarar og tilsette, men også som rådgjevarar for plassering av stolar og avstand mellom publikum og skodespelarar. Det har vore laga reviderte beredskapsplanar og eigne smittevernsrutinar for kvar produksjon.

Teateret overtok bardrifta frå og med 2. halvår 2018. Målet har vore at drifta av barane skulle gje publikum ei god totalopplevelsing når dei kjem til arrangementa våre. Drifta har bydd på utfordringar økonomisk, og det har vore ført samtalar med aktuelle aktørar som kunne drifte barane våre. Per 1. september 2020 vart det inngått eit samarbeid med restaurangen Wesselstuen som held til i same hus som teateret. Wesselstuen er eigd av konsernet De Bergenske, og teateret har store forventningar til at dette samarbeidet vert fruktbart for både partar.

Sjølv om 2020 har vore eit krevjande år, vil styret og teatersjef vurdere arbeidsmiljøet ved teateret som godt. I 2020 har teateret hatt svært lite langtidssjukefråvær – 44 dagar mot 399 i 2019. Det totale sjukefråværet gjekk kraftig ned, frå 9,9% i 2019 til 2,1% i 2020. Ser ein bort frå langtidsjukefråvær meir enn 16 dagar, er sjukefråværet 0,8% mot 0,7% året før. Det er ikkje meldt skader i løpet av året som har ført til fråvær eller som trong behandling. Styret har fokus på at det skal vere eit godt arbeidsmiljø ved teateret. Omsyn til smittevern og fokus på at teateret skal vere ein trygg arbeidsplass vil ha ein stor plass innafor arbeidet med helse, miljø og tryggleik framover.

Teateret praktiserer jamstilling mellom kjønna når det gjeld leiande stillingar. Teateret si leiargruppe består av fem kvinner og ein mann. Styret er samansett av fire kvinner og to menn. Teateret legg vekt på å legge til rette for å tilsetje personar med ikkje-nordisk bakgrunn når desse er fullt ut kompetente og kvalifiserte for stillinga.

Styret vil særleg takke dei tilsette, både dei faste og dei på engasjement, for innsatsen i 2020. Styret takkar vidare alle samarbeidspartnarar som Det Vestnorske Teateret har hatt i 2020 og meiner at vi trass i dagens utfordringar kan sjå fram mot eit fruktbart og engasjerande samarbeid i åra som kjem.

Økonomi

Som venta vart det ei kraftig nedgang i talet på publikum som fekk moglegheit til å sjå førestillingar på teateret i 2020 - frå 35 539 i 2019 til 12 962 i 2020, fordelt på 115 (245) framsyningar.

Grunnløyvinga frå Staten, Vestland fylkeskommune og Bergen kommune var opprinnlege kr. 25 009 000 (kr. 24 938 000 i 2019). I juli månad tilførte Staten kompensasjon for bortfall av inntekter på kr. 1 670 000. Vestland fylkeskommune lyste og ut ein pott hausten 2020 der Det Vestnorske Teateret

fekk kr. 608 000 etter søknad. Endeleg gav Bergen kommune ein kompensasjon for avlyste framsyningar i november på totalt kr. 710 250.

Mange framsyningar på hausten vart spelt med redusert publikumskapasitet. I tillegg vart mange førestillingar avlyst, heilt eller delvis. Saman med permitteringar og andre kostnadssparande tiltak, førte det til ein del unytta midlar på produksjonar som er flytta til 2021. Kompensasjonen frå Bergen kommune samt tilskott frå Sparebanken Vest er og øyremerkt til enkelte førestillingar som vert flytta. Styret har difor omdisponert kr. 1 538 000 av løvyingar frå Staten og kr 962 000 frå øyremerkte midlar til kunstnarlege produksjonar i 2021. Flytting av Statstilskottet er avklara med Kulturdepartementet.

Som tidlegare år har styret i Det Vestnorske Teateret vedteke å trekka dei auka tildelingane til Logenprosjektet ut av resultatrekneskapen og ført midla som langsiktig gjeld i balansen. Totalt i 2020 vart det sett av kr. 4 762 000. Resten av tilskottet på kr. 21 838 517 (19 865 318) er inntektsført i resultatrekneskapen. Eigne inntekter, inkludert tilskott frå private gjevarar vart kr. 6 374 610 (kr.12 688 876). Tilskott og eigne inntekter summerte seg med det opp til kr. 28 213 127 mot kr. 33 554 194 i 2019. Kostnadssida vart redusert til kr. 29 339 379 frå kr. 34 018 985 året før.

Resultatet etter finansinntekter og kostnadar er med det minus kr. 1 129 929.

Det er totalt investert kr. 18 337 267 (2 365 899), hovudsakeleg investeringar knytt til Logenprosjektet. I 2020 er det og investert kr. 1 182 977 i tilrettelegging av kontorlokala i same hus der teateret er. Teateret investerer også årleg i den teatertekniske utstyrsparken. Kr. 1 892 909 (670 029) vart brukt til dette i 2020, mellom anna kjøp av nytt lydutstyr.

Selskapet si frie likviditetsbehaldning utgjer kr. 17 672 664 (11 841 411) per 31.12.2020 (frie omløpsmidlar fråtrekt bunden skattetrekk). Styret har ei fortløpende vurdering av likviditeten sett opp mot den finansielle risikoen. Styret meiner likviditetssituasjonen ved teateret framleis er god.

Styret meiner årsrekneskapen gjev et rettmessig bilet av teateret sine eignelutar og gjeld, finansielle situasjon og resultat. Styret tek det økonomiske resultatet for 2020 til etterretning. Styret rår til at underskotet vert dekka av eigenkapitalen som då vert redusert frå kr. 6 686 213 til kr. 5 556 284. Sjølv med reduksjon i eigenkapital er styret ikkje uroa over denne reduksjonen og reknar eigenkapitalen som tilstrekkeleg for verksemda. I samsvar med Rekneskapslova § 3-3 vert det stadfestat om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeidingsa av rekneskapen.

Covid-19

Kultursektoren har vore hardt råka av ulike tiltak som gjeld nedstenging og kraftig reduksjon i talet på plassar tilgjengeleg for publikum for at ein skal ta vare på smittevernomsyn. Særleg har reglane om fastmonterte seter frå november 2020 råka teateret hardt, sidan vi med desse reglane berre kan ha 10 publikummarar i salen der ein normalt kan ha 330 - og med vanleg smittervernreglar kan ha inne om lag 135. Staten har i sine løvyingar tatt omsyn til restriksjonar 1. halvår 2021, og har løvd 2,93 mill. kroner omframtil teateret. Vidare har ein og tatt omsyn til redusert salkapasitet både i programmeringa og budsjetteringa for det meste av 2021. Styret meiner med det at ein vil ha ei trygg drift økonomisk og at det er trygt med omsyn til publikum og tilsette framover.

Miljø

Teateret legg vinn på å ikkje forureine det ytre miljøet i all si framferd. Det Vestnorske Teatret deltek i eit prosjekt saman med dei fleste andre norske institusjonsteatera for å redusere miljøpåverknaden frå teaterdrifta. Ein tek her sikte på ei eigen sertifiseringsordning.

BERGEN, DEN 31.12.20/23.02.21
STYRET FOR DET VESTNORSKE TEATRET AS

PAL W. LORENTZEN
STYRELEIAR (sign)

RAGNHILD STOLT-NIELSEN
NESTLEIAR (sign.)

RASMUS LAUPSA RASMUSSEN
STYREMEDLEM (sign.)

VIVIAN MIDTSVEEN
STYREMEDLEM (sign.)

SOLFRID GLESNES
STYREMEDLEM (sign.)

Gunn Åmdal Mongstad
GUNN ÅMDAL MONGSTAD
STYREMEDLEM (sign.)

Solrun Toft Iversen
SOLRUN TOFT IVERSEN
TEATERSJEF/DAGLEG LEIAR

Årsrekneskap:

- Resultatrekneskap**
- Balanse**
- Noter**

Revisjonsberetning

Det Vestnorske Teateret AS

Resultatrekneskap

| | Note | 2020 | 2019 |
|---|-------|-------------------|-------------------|
| Driftsresultat | | | |
| Salsinntekt | 16 | 28 213 127 | 33 554 194 |
| Anna driftsinntekt | | 31 597 | 0 |
| Sum driftsinntekter | | <u>28 244 724</u> | <u>33 554 194</u> |
| Driftsresultat | | | |
| Varekostnad | | 227 366 | 818 205 |
| Prosjekt- og produksjonskostnadar | 4 | 4 357 342 | 9 865 506 |
| Lønnskostnad | 3 | 17 454 124 | 15 661 888 |
| Avskrivning | 5, 6 | 1 327 630 | 950 944 |
| Annan driftskostnad | 3, 16 | 5 972 917 | 6 722 442 |
| Sum driftskostnader | | <u>29 339 379</u> | <u>34 018 985</u> |
| Driftsresultat | | <u>-1 094 655</u> | <u>-464 791</u> |
| Finansinntekter og finanskostnader | | | |
| Anna finansinntekt | | 64 627 | 105 924 |
| Annan finanskostnad | | 99 901 | 1 065 |
| Netto finans | | <u>-35 274</u> | <u>104 859</u> |
| Ordinært resultat før skattekostnad | | <u>-1 129 929</u> | <u>-359 932</u> |
| Årsresultat | | <u>-1 129 929</u> | <u>-359 932</u> |
| Overføringer og disponeringar | | | |
| Overføring til/frå annan eigenkapital | 14 | <u>-1 129 929</u> | <u>-359 932</u> |

Det Vestnorske Teateret AS

Balanse pr. 31. desember


| | Note | 2020 | 2019 |
|--|------|-------------------|-------------------|
| Anleggsmidlar | | | |
| <i>Varige driftsmiddel</i> | | | |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom | 6 | 27 039 762 | 12 674 296 |
| Driftslausøyre, inventar, kontormaskinar og liknande | 6 | 3 807 216 | 1 560 139 |
| Sum varige driftsmiddel | | <u>30 846 978</u> | <u>14 234 435</u> |
| <i>Finansielle anleggsmidlar</i> | | | |
| Investeringar i aksjar og partar | 7 | 25 000 | 25 000 |
| Sum finansielle anleggsmidlar | | <u>25 000</u> | <u>25 000</u> |
| Sum anleggsmiddel | | <u>30 871 978</u> | <u>14 259 435</u> |
| Omløpsmidlar | | | |
| Varer | | <u>0</u> | <u>105 463</u> |
| <i>Krav</i> | | | |
| Kundekrav | 16 | 458 744 | 538 755 |
| Andre krav | 11 | 1 280 518 | 1 371 834 |
| Sum krav | | <u>1 739 262</u> | <u>1 910 589</u> |
| <i>Investeringar</i> | | | |
| Marknadsbaserte aksjar | 7 | <u>23 265</u> | <u>23 265</u> |
| Sum investeringar | | <u>23 265</u> | <u>23 265</u> |
| Bankinnskudd, kontanter og liknande | 2 | <u>18 218 801</u> | <u>12 453 191</u> |
| Sum omløpsmidlar | | <u>19 981 328</u> | <u>14 492 508</u> |
| Sum egedelar | | <u>50 853 306</u> | <u>28 751 943</u> |

Det Vestnorske Teateret AS

Balanse pr. 31. desember

| | Note | 2020 | 2019 |
|--------------------------------|--------|-------------------|-------------------|
| Eigenkapital | | | |
| <i>Innskoten eigenkapital</i> | | | |
| Aksjekapital | 14, 15 | 100 000 | 100 000 |
| Sum innskoten eigenkapital | | <u>100 000</u> | <u>100 000</u> |
| <i>Opptent eigenkapital</i> | | | |
| Annan eigenkapital | 14 | 5 456 284 | 6 586 213 |
| Sum opptent eigenkapital | | <u>5 456 284</u> | <u>6 586 213</u> |
| Sum eigenkapital | | <u>5 556 284</u> | <u>6 686 213</u> |
| Gjeld | | | |
| <i>Avsetjingar for plikter</i> | | | |
| Pensjonsplikter | | 407 946 | 281 460 |
| Andre avsetjingar for plikter | 13 | 17 866 843 | 13 346 014 |
| Sum avsetjingar til plikter | | <u>18 274 789</u> | <u>13 627 474</u> |
| <i>Anna langsiktig gjeld</i> | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjonar | 17 | 12 500 000 | 0 |
| Sum anna langsiktig gjeld | | <u>12 500 000</u> | <u>0</u> |
| <i>Kortsiktig gjeld</i> | | | |
| Leverandørgjeld | | 5 630 896 | 2 968 727 |
| Skyldige offentlege avgifter | 2 | 1 094 677 | 1 186 145 |
| Anna kortsiktig gjeld | 12 | 7 796 660 | 4 283 384 |
| Sum kortsiktig gjeld | | <u>14 522 233</u> | <u>8 438 256</u> |
| Sum gjeld | | <u>45 297 022</u> | <u>22 065 730</u> |
| Sum eigenkapital og gjeld | | 50 853 306 | 28 751 943 |


 Pål Wergeland Lorentzen
 Styreleiar
 Rasmus Laupsa Rasmussen
 Styremedlem


 Solfrid Glesnes
 Tilsette sin representant
 Solrun Toft Iversen
 Dagleg leiar

31. desember 2020
Bergen, 23. februar 2021


 Ragnhild S. Stolt-Nielsen
 Styremedlem/nestleiar


 Vivian Midtsveen


 Gunn Amdal Mongstad
 Styremedlem

Note 1 - Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslovas føresegner og god rekneskapsskikk for små føretak.

Salsinntekter

Tenester vert inntektsført i takt med utføringa. Den del av salsinntekter som knyter seg til framtidige ytингar vert balanseført som uopptent inntekt ved salet, og vert etter det inntektsført i takt med levering av ytингane. Driftstilskot resultatførast samstundes med inntekta det skal auke eller kostnaden det skal redusere. Tilskot er inntektsført brutto under driftsinntekt i resultatrekneskapen. Motteke investeringstilskot til ombygging av leigde lokalar er ført brutto som langsiktig gjeld i balansen. Tilskotta vil inntektsførast i same takt som driftsmidla vert avskrive.

Klassifisering og vurdering av balansepostar

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som forfell til betaling innan eit år etter balansedagen, og dessutan postar som knyter seg til varekretslopet. Øvrige postar er klassifisert som anleggsmiddel/langsiktig gjeld.

Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurdert til innkjøpskost, men vert nedskriven til verkeleg verdi ved verdifall som ikkje er forventa å vera forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid avskrivast planmessig. Langsiktig gjeld balanseførast til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Fordringar

Kundefordringar og andre fordringar er oppført i balansen til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap.

Kortsiktige plasseringar

Kortsiktige plasseringar (aksjar og delar vurdert som omløpsmiddel) vert vurdert til lågaste av innkjøpskost og verkeleg verdi på balansedagen. Motteke utbyte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsført som anna finansinntekt.

Varige driftsmiddele

Varige driftsmiddel balanseførast og avskrivast over den forventa økonomiske levetida til driftsmiddelet. Direkte vedlikehald av driftsmiddel vert kostnadsført løpande under driftskostnadene, medan påkostnadene eller forbetringer vert tillagt kostprisen til driftsmiddelet og avskrivast i takt med driftsmiddelet. Om attvinnbart beløp av driftsmiddelet er lågare enn balanseført verdi gjerast nedskriving til attvinnbart beløp. Attvinnbart beløp er det høgaste av netto salsverdi og verdi i bruk. Verdi i bruk er noverdi av dei framtidige kontantstrømmene som eigneluten vil generera.

Immaterielle eigneluter

Goodwill er differansen mellom innkjøpskost ved kjøp av ei verksemnd og verkeleg verdi av eigneluter som kan identifiserast og gjeld i verksemda. Goodwill vurderast etter vurderingsregelen for anleggsmiddel.

Pensjonar

Lutlagets pensjonsordning gir rett til definerte framtidige ytингar (tilskottsplana). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytингane frå folketrygda. Plikta er dekt gjennom eit forsikringsselskap. Årets pensjonspremie resultatførast

løpende i køve til god rekneskapsskikk for små føretak. Tenestepensjonsordninga gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplan). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsaldar og storleiken på ytingane frå folketrygda. Plikta er dekkja gjennom eit forsikringsskap.

Skattar

Teateret er ikkje skattepliktig for si ideelle verksemd.

Overskot frå drift av bar er skattepliktig og skattekostnaden for drifta vil bli periodisert.

Skattekostnaden i resultatrekneskapen omfattar både periodens betalbare skatt og endring i utsett skatt. Utsett skatt er berekna med 22 % på grunnlag av mellombels forskjellar som eksisterer mellom rekneskapsmessige og skattemessige verdiar, samt likningsmessig underskot som vert overført ved rekneskapsårets slutt. Skatteaukande og skattereduserande mellombels forskjellar som reverserer eller kan reversere i same periode er utlikna og nettoført. Netto utsett skattefordel balanseførast i den grad det er sannsynleg at denne kan nyttiggjerast.

Bruk av estimat

Leiinga har brukt estimat og føresetnader som har påverka resultatrekneskapen og verdsetting av eigneluter og gjeld, og dessutan usikre eigneluter og forpliktingar på balansedagen under utarbeidning av årsrekneskapen i samsvar med god rekneskapsskikk.

Note 2 - Bankinnskudd

| | 2020 |
|----------------------------------|-------------|
| Bundne skattetrekksmidler utgjør | 546 137 |

Note 3 - Lønnskostnader, antall ansatte, lån til ansatte og godtgjørelse til revisor

| <i>Lønnskostnader</i> | 2020 | 2019 |
|--------------------------------|-------------------|-------------------|
| Lønninger | 13 569 377 | 12 748 741 |
| Arbeidsgiveravgift | 1 918 892 | 1 968 470 |
| Pensjonskostnader | 1 319 712 | 1 221 613 |
| Andre yteler | 141 182 | 224 063 |
| Periodiserte lønnskostnadar | 504 961 | -501 000 |
| Sum | 17 454 124 | 15 661 887 |
| Gjennomsnittlig antall årsverk | 23 | 21 |

Ytingar til leiande personar

| | Lønn | Andre godtgjørelser |
|---------------------------|---------|---------------------|
| Teatersjef / dagleg leier | 960 000 | 5 513 |
| Merkantil direktør | 937 839 | 5 513 |

Det er utbetalt kr 121 200 i godtgjersle til styrets medlemmar i 2020.

Det er gjort avsetjing for påløpen venteløn for noverande teatersjef. Pr 31.12.2020 hadde teatersjef opptent 5,6 månads venteløn, det er gjort avsetning for kr 513 450 i rekneskapen per 31.12.2020 (inklusiv arbeidsgjevaravgift). Venteløn vert utbetalt i etterlønsperioden på fastsette vilkår.

Selskapet er pliktig til å ha tenestepensjonsordning etter lov om obligatorisk tenestepensjon. Selskapets pensjonsordningar tilfredsstiller krava i denne lova.

Selskapet har pensjonsordningar (OTP) som omfattar i alt 23 personar. Årets pensjonspremie resultatføres løypande iht. god regnskapsskikk for små føretak. Det er kostnadsført kr 1 202 584 i pensjonspremie i 2020, tilsvarande for 2019 var kr 1 162 880. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar (tilskottsplana). Desse er i hovudsak avhengig av tal oppteningsår, lønnsnivå ved oppnådd pensjonsalder og størrelsen på ytingane frå folketrygda. Forpliktelsene er dekket gjennom et forsikringsselskap.

Lutlaget har pensjonsforpliktingar knytt til AFP-ordning. Denne ordninga omfattar 34 tilsette i alderen 18 til 61 år. I samsvar med god rekneskapsskikk for små føretak (NRS 8) er har lutlaget valt å ikkje balanseføre pensjonsforpliktingane til AFP-ordninga. Årets pensjonskostnad motsvarar årets pensjonspremie, og utgjer kr 143 278 i 2020.

I 2016 inngjekk selskapet ny pensjonsavtale med dei tilsette. Pensjonsavtala var tidlegare ei tenestepensjonsordning på same vilkår som offentleg tenestepensjon (Ytingsplan). Den nye tenestepensjonsordninga består i å yta bidrag av nærmere angjeven storleik til den einskilde sin pensjon (tilskottsplana). Årets pensjonskostnad (2020) motsvarar årets pensjonspremie og utgjer kr 1 202 584.

Ved overgang til ny tenestepensjonsordning er det regnskapsført kostnadar til driftspensjon (usikra) som skal sikra tilsette over 60 år (to tilsette) same rettar som den tidlegare pensjonsordninga gav. Ytingane vil periodiserast over attverande oppteningstid. Det er avsett kr 513 450 i langsiktig pliktar for å dekka kostnaden. Årets pensjonskostnad utgjer kr 131 329. Forventa pliktar ved utløp av tenestetid (2023) er estimert til kr 547 680.

| Godtgjørelse til revisor er fordelt på følgende: | 2020 | 2019 |
|---|----------------|----------------|
| Revisjon | 100 000 | 91 000 |
| Andre tjenester | 18 750 | 31 000 |
| Sum | 118 750 | 122 000 |

Merverdiavgift er inkludert i revisjonshonoraret.

Note 4 - Prosjekt- og produksjonskostnadar

| | 2020 | 2019 |
|--|------------------|------------------|
| Leige transport og anna utstyr | 31 866 | 198 431 |
| Scenografi, kostyme, rekvisita | 463 475 | 798 268 |
| Teknisk utstyr | 175 004 | 327 636 |
| Marknadsføring og turnekostnad | 1 033 842 | 2 915 850 |
| Kunstnarlege/tekniske honorar | 2 337 065 | 4 413 538 |
| Anna prosjektkostnad | 744 678 | 1 855 292 |
| Periodisert prosjektkostnad | -428 588 | -643 508 |
| Sum prosjekt- og produksjonskostnadar | 4 357 342 | 9 865 507 |

Note 5 - Immaterielle eignelutar

| | Goodwill |
|---------------------------------|-----------------|
| Anskaffelseskost pr 01.01.2020 | 1 700 000 |
| Anskaffelseskost 31.12.2020 | 1 700 000 |
| Akk.avskrivninger 31.12.2020 | -1 700 000 |
| Balanseført verdi pr.31.12.2020 | 0 |

Avskrivningsplan
Lineær
3 år

Immaterielle eiendeler ble nedskrevet til null pr 31.12.2018.

Note 6 - Varige driftsmidler

| | Aktiverte kostnader, bygg | Anlegg under utføring | Sceneutstyr | Transportmidlar | Driftsløsøyre, inventar, verktøy mm. | Sum | |
|---------------------------------------|------------------------------|--------------------------|----------------|-----------------|--|-----|------------|
| | | | | | | | |
| Anskaffelseskost 01.01. | 4 767 970 | 8 448 646 | 217 957 | 575 000 | 3 994 942 | | 18 004 515 |
| Tilgang kjøpte driftsmidler | 0 | 14 864 293 | 0 | 397 088 | 3 075 886 | | 18 337 267 |
| Avgang solgte driftsmidler | 0 | 0 | 0 | -310 000 | 0 | | -310 000 |
| Ferdigstilling anlegg under utførelse | 13 369 354 | -13 369 354 | 0 | 0 | 0 | | 0 |
| Anskaffelseskost 31.12. | 18 137 324 | 9 943 585 | 217 957 | 662 088 | 7 070 828 | | 36 031 782 |
| Akk.avskrivning 31.12. | -1 041 142 | 0 | -194 627 | -279 140 | -3 669 895 | | -5 184 804 |
